

Samarbeidande Kraftfylke

Organ....:	Styret / Årsmøtet		Dato	Sign.
Møtedato:	20.02.2014 / 20.06.2014	Sakshandsamar	22.05.2014	John Støyva
Arkivnr.:		Sekretariatsansv.	22.05.2014	John Støyva <i>J.S.</i>
Sak nr.:	8-2014	Styreleiar	06.06.2014	Per-Gunnar Sveen

Namn på saka: **Fastsetje eigenkapitalreserve**

Prenta vedlegg i saka:

- 1.
- 2.
- 3.

Uprenta vedlegg i saka:

.....Adm..... rårStyret.....
til å gje slik **tilråding**:

Til drøfting.

.....Styret rår Årsmøtet
til å gjere slikt **vedtak**:

1. Samarbeidande Kraftfylke bør ha ein eigenkapitalreserve på
2. Setje av det rekneskapsmessige overskotet for 2013 på 867.539 kr som eigenkapitalreserve.

Årsmøtesak 8-2014: Fastsetje eigenkapitalreserve

Kva saka gjeld

Saka gjeld fastsetjing av eigenkapitalreserve for foreininga Samarbeidande Kraftfylke..

Bakgrunn

Vedtektene for Samarbeidande Kraftfylke:

§ 5. femte avsnitt. «Årsmøtet skal behandle følgende saker:

7. Fastsette en forsvarlig egenkapitalreserve for foreningens drift.»

Utgreiing

Grunngjevinga for ein eigenkapitalreserve er å ha bufferkapasitet til å ta høgare kostnader for ein periode utan å måtte gå ut til fylka for å be om ekstraordinær løyving. Historisk har kraftfylka løyst dette på forskjellige måtar:

1992-2004:

Kraftfylka var finansiert ved kontingent. Ubrukt kontingent vart bruk til å bygge opp reservekapital. Målet var å ha reservekapital til å dekke eit års drift.

2004-2012:

Kraftfylka kjøpte tenester hos SFE Produksjon AS (SFE). SFE fakturerte etter medgått, uavhengig av kostnadsramma. Reservekapital var dermed ikkje nødvendig.

Kraftfylka blir no igjen finansiert ved kontingent, og spørsmålet om eigenkapitalreserve er igjen aktuelt. Ekstra ressursinnsats oppstår typisk i samband med store saker, der innsatsen må gjerast når løpet går og med den innsats som trengst. Tidlegare galdt dette tenestekjøp både hos SFE og eksternt. Sekretariatsfunksjonen er no fast, og ekstra kostnader vil typisk vere tenestekjøp.

Etter vedtektene kan årsmøtet fastsetje kontingenten for å dekke dei kostnader som oppstår. Årsmøtet er anna kvart år, og eventuelle kostander utover storleiken på kontingenten må dekkast inn på annan måte. Å gå ut til fylka og spørje om ekstra kapital utanom kontingent har vore gjort, og er ikkje å anbefale pga. lang tidsbruk. Litt reservekapital er ein føremålstenleg måte å gjere dette på.

Tidlegare år har kostnadene variert med ein faktor på 2-3. Vurderinga då var at reservekapitalen skulle dekke 1 års drift. Reservekapital til 1-2 års drift burde i alle fall vere tilstrekkeleg. Dvs. 2-4 mill. kr.

Konklusjon

Samarbeidande Kraftfylke bør ha ein kapitalreserve på 2-4 mill. kr.

I første omgang setje av det rekneskapsmessige overskotet for 2013 (867.539 kr) som kapitalreserve.